

FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 6

Advent 2019

Årgang 85 år

Fusingar som feirer jul i eit anna land



Kva seier fusingane om å feire jul i eit anna land? «Den lukta eg forbinder med jul er solkrem.» «Kanskje skal vi gå rundt ein julepalme.» «Det blir fælt utan snø og pinnekjøtt!» «Perlehøns med greskarstappe til jul?» «Pannekakefrukost til jul!» «På julafta set vi kjøleanlegget på for fullt!» KRISMASI NJEMA – kva betyr det? Les meir på side 4-7.



Ei krubbe for
vår tid
S. 2

Primstaven
og jul!
S. 8-10

”Medisin for
kropp og sinn”
S. 12-14

Hjelpe brann-
skadde born
S. 16-17

Bli kjend med
Henriette
S. 18

Jul i
bruktbuo
S. 19

FUSA PRESTEGJELD

Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA
Tlf. 56 58 01 81 - Fax 56 58 15 82
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen
E-post: post.fusa@kyrkja.no

Direktenr.

Kyrkjevevjerje	56 58 01 80
Sokneprest	56 58 01 83
Kyrkjelydspedagog	56 58 01 66
Konsulent:	56 58 01 81
Medarbeidarkoordinator:	56 58 01 87

Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00
Prest og organist har fridag måndag.

PRIVATE TELEFONAR

Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

Ass. kyrkjevevjerje

Harald Geir Sæther 41 66 20 90

Trusoppplæring

Stefan Andre H. Svendsen 98 42 11 17

Petra Dahlström Permisjon

Norunn Rød Markhus Permisjon

Konsulent

Endre Tveit 90 24 41 52

Hans Einar Markhus Permisjon

Medarbeidarkoordinator

Hartvig Haugen 56 58 31 96

Kantor

Iman de Zwarte 95 03 93 33

Soknerådsleiar

Roald Samnøy 41 33 36 25

Kyrkjetenarar

FUSA KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

SUNDEVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet
kan sendast Fusa sokneråd,
bankgiro: 3530 25 86215
eller VIPPS #90436

FUSA KYRKJEBLAD

Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

Ansvarleg redaktør:

Leiar i Fusa sokneråd Roald Samnøy.

Konto for kyrkjebladet:

3530 25 86215

Bladpengar er kr. 225,- pr. år

Utanbygds kr. 325,- pr. år

REDAKSJONSNEMND:

Harald Geir Sæther

Ole Bjørn Eikeland

Ei krubbe for vår tid

Av fungerande biskop, domprost Gudmund Waaler

I kyrkja legg vi ofte stor vekt på det indre livet.

Men betyr det at det ytre er heilt uvesentleg?

Det fascinerer meg kor mykje pengar, tid og krefter eg brukar på estetik! Sjølv er eg oppteken av kunst, interiør og fargar. Ikkje sjeldan tek eg turen innom ein liten designbutikk i sentrum. Eg har også lagt merke til at den kvinnelege delen av husstanden likar å shoppe støvletter. No er ikkje dette spesielt originalt! I vår forbrukarkultur er det normalt å bruke mykje pengar på det ytre. Men gjer det oss til overflatiske menneske? Det trur eg blir for enkelt.

Gjennom det ytre, og det vi omgir oss med, uttrykker vi oss og skaper ein identitet. Estetikk er difor viktig. Å vere oppteken av det skjøne og det vakre har lang tradisjon i kyrkja. Gud har gitt oss evne og vilje til å forme og skape gjennom kunst og kultur. Samtidig veit vi at kvar tid har sitt uttrykk og sitt syn på kva som er vakkert.

Maleriet frå altarskapet i Mariakirken i Bergen viser korleis kunstnarar allereie på 1600-talet hadde forstått dette. Klede skapar folk og identitet - difor er alle på biletet kledd etter moten slik den var då.

Skal vi forstå at Gud er til stades i vår tid, må vi våge å male Jesus inn i vår kontekst og i våre liv. Kvar trur du Gud ville plassert Jesu krybbe dersom han skulle blitt fødd i dag? Kanskje ville han blitt fødd på eit asylmottak med ei einsleg mor? Biletet vi har frå stallen i Betlehem lyg ikkje. Dei vise mennene fann ikkje Jesus hos kong Herodes, eller mellom dei lærde i tempelet i Jerusalem, men i ein stall der det lukta sveitte og møk. Denne konteksten betyr noko fordi Gud valde den heilt medvite. Når Gud blir fødd inn i vår verd, blir han svak. Han blir utlevert. Han blir sårbar, overgitt til ei fattig kvinne. Det gjer han fordi han elsker oss. Han gjer det for å vise oss kva kjærleik er. Kjærleiken kan ikkje kreve, den kan berre komma oss i møte og sei; sjå her har eg kome deg så nær som eg kan for å vise deg min kjærleik. Gud viser sin solidaritet med oss nettopp ved å velje å bli fødd i eit folk som var forfølgde. Gud kjem til oss der vi er og blir ein av oss, kledd som ein av oss. Også i dag er han vår bror. Han

er i lidinga når menneske lir. Han græt når vi sørgjer. Han ler når vi er glade. Han vil la seg finne i vår verd når vi søkjer han.

Og finner du ham i krybbens hø / som hyrder så, som hyrder så, / da eier du nok til freidig å dø / og leve på, og leve på.

(Jonas Dahl)

Utsnitt av alterskapet i Mariakirken i Bergen. Foto: Hilde Smedstad Moore, Universitetet i Stavanger.



Jesus blir fødd

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt, og skulle skriva seg der saman med Maria, som han var trulova med. Ho venta då barn. 6 Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde; ho sveipte han og la han i ei krubbe, for dei fann ikkje husrom nokon stad.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på markene og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket. I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

«Ære vere Gud i det høgste,
og fred på jorda
blant menneske som Gud har glede i!»

Då englane hadde fare tilbake til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrde på, undra seg over det gjetarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende tilbake. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrte og sett; alt var slik som det var sagt dei.



Unge utsendingar frå Fusa – å feire jul i eit anna land!

Fusa har for tida mange yngre menneske som er utsendingar for ulike misjonsorganisasjonar. Nokon har nyleg reist ut, og feirar jul for første gongen i sitt nye land. Andre har vore ute i misjonen si teneste i fleire år. Vi har tatt ein kontakt med desse for å høyre litt om kva dei gjer på – og

spør korleis dei trur jula vert for dei.

Så kanskje til ettertanke – Kven er desse som gir avkall på trygge jobbar og skulegong her heime og våre velstandsgoder – for så å leve under enkle, ofte fattige og utfordrande kår, og i heilt andre kulturar? Kva er det som gjer at

dei reiser ut for å fortelje andre menneske om Jesus, Guds son? Dei må ha ei tru – eit sterkt kall. Dei får meg til å stoppe opp og tenkje..... dei jobber i stilla – dei liker kanskje ikkje å høyre det – men eg beundrar desse og deira frimod!

Tekst: Harald Geir Sæther

REBECCA i Mongolia

Rebecca Aarseth, 20 år, er den yngste. Ho reiste sist sommar til Mongolia, og er ute for Norsk Luthersk Misjonssamband. Rebecca held til i byen Khovd, heilt vest i landet, ei reise på to dagar med bil frå hovudstaden Ulan Bator.

Kva er primæroppgåva du har som utsending/misjonær?

Eg har stillinga ettåring, og arbeider som assistent på den dansk-færøyske skulen som er her i Khovd. Læraren er dansk og borna er færøyske. Eg har hovudansvaret for guten på seks år, så utanom Lego og bilar, går det i bokstavar og tal. Elles underviser eg dei eldre jentene i matte og kristendom, og tru det eller ei, danskundervisning for dei to yngste. Eg har aktiviteter for dei tre borna på ettermiddagen medan foreldra er på arbeid.

Korleis ser du for deg at julefeiringa vert?

Eg ser føre meg at det vert fellesskap med David som er stadleg representant og Maiken som er læraren til borna. Eg ser føre meg at me feirar julekvelden heime hos David med ribbe om me får tak i det, og juletre. Så går me nok i den lokale kyrkja for å feire med dei. Eg ser føre meg ei jul med fokus på budskapet og fellesskapet.



Rebecca (til venstre) saman med borna ho har ansvar for og ei venninne.



Rebecca på tur saman med venner

FAMILIE på sju i Kenya!

Brynhild, Eirik, Hallvard, Ingebjørg, Oline, Norunn og Hans Einar Markus reiste i sommar til Kenya, og er utsendingar for Norsk Luthersk Misjonsband i Nairobi.

Kva er primæroppgåva du har som utsending/misjonær?

Norunn: Eg jobbar som lærar på den norske skulen.

Hans Einar: Eg jobbar som altmoglegmann og koordinator for bibelskulestudentar frå Fjellhaug i Oslo, som kjem i november for å ha praksis i Aust-Afrika.

Korleis ser du for deg at julefeiringa vert?

Brynhild: Veldig annleis enn heima i Hålandsdalen.

Eirik: Sikkert kjekk. Me har med adventskalendaren som me har brukt dei siste åra.

Ingebjørg: Det blir fælt utan snø og pinnekjøtt.

Oline: Det blir julefest her på tomten, og dei som bur her seier at det brukar å vere juletrengong. Men eg veit ikkje heilt kva busk som skal vere juletre. Kanskje det blir ein julepalme i år?

Hallvard: Eg gler meg til juleferie frå skulen.

Hans Einar: I romjula får me besøk av mine foreldre frå Frekhaug. Det ser me fram til. Då blir det bading og litt reising, iallefall safari. Desember byr på skikkelige sommartemperaturar her sør for Ekvator.

Norunn: På julaftan arrangerer me gudsteneste her på tomten. Då brukar det å komme nordmenn som er busatt i Nairobi. På skulen skal me arrangere både juleverkstad, julespel og dei som vil har også høve til å vere med på ei adventsgudsteneste. I år skal sjømannspresten i Aust-Afrika delta på adventsgudstenesta. Når det gjeld julemat, er det visstnok mogleg å få tak i svineribbe her. Men ikkje pinnekjøtt. Menyen er ikkje planlagt, men me har med kakeformer frå Norge, slik at me kan laga julemannar. Jul blir



Banan frå hagen står på menyen kvar dag. Men ikkje på julafta. Frå venstre: Norunn, Brynhild (8), Hallvard (13), Hans Einar, Eirik (11), Oline (16), Ingebjørg (15).

det uansett; budskapet om Gud som vart eit menneske som gler seg med oss og ikkje minst lir med oss, som kom med fred til vår urolege jord, blir truleg forsterka ved å vere her. Mange gler seg, men endå fleire lir og mange

lever i ufred, spesielt i grenseområda til fleire av nabolanda her.

Alle: Me vil nytta høve til å ynskje alle lesarane av kyrkjebladet velsigna jul. KRISMASI NJEMA (God jul på Swahili)



Anne Karin saman med nokre av studentane ho underviser.

ANNE KARIN i Sentral-Asia

Anne Karin Rød er utsending for andre året for ein norsk misjonsorganisasjon, og bur i Sentral-Asia.

Kva er primæroppgåva du har som utsending/misjonær?

Engelskundervisning. Bønnearbeid. Relasjonsbygging.

Korleis ser du for deg at julefeiringa vert?

Pannekakefrukost med vener. Julefilm. Fellesskap med folk frå ulike



Tid for hyggjeleg besøk.

nasjonar. Alle bringer ulik mat til fellessamlingar (potlock).

I fjor hadde eg julefeiring med studentane mine, der vi snakka om budskapet i juleevangeliet. Vi baka julemenn (stjerner). Alle ville ta selfie med juletreet som eg for anledninga hadde lånt av nokre andre utlendingar.



KJERSTI i Mali

Kjersti Gangstø er i Mali i Vest-Afrika. Ho bur i ein landsby ikkje så langt frå hovudstaden Bamako. Ho er utsending for Norsk Luthersk Misjonssamband. NLM har to utsendingar i Mali, og Kjersti arbeider difor saman med Bergfrid Almelid.

Kva er primæroppgåva du har som utsending/misjonær?

Mine primæroppgåver er evangelisering og eg prøver (fortsatt...) å læra språket her. Eg er med på ulike leirar, evangelisering til ein nabolandsby og er med og har andakt på søndagsmøta mm.

Korleis ser du for deg at julefeiringa vert?

Eg ser for meg at det blir julefeiring her i landsbyen med kanskje 1-2 andre norske. Me feirar ikkje alltid norsk jul den 24. I fjor blei det den 21. Dette er fordi det skal passa for kvar og ein. I løpet av dagen prøver me å få til ein litt lengre tur i Guds vakre natur. Eg har alltid hatt pinnekjøtt til jul både her og i Norge. Men om det ikkje blir pinnekjøtt, er perlehøns med greskarstappe i staden for kålrabistappe eit godt alternativ. Litt gåver og så blir det gjerne å synge julesongar før me avsluttar med kaffi og julekaker. Dagen etter hadde me i fjor ein lang og god frukost med heimebakt julebrød, heimebakte rundstykke, fårepølse, spekepølse, tomat, egg, heimesylta rødbeter, roquefortost, brunost, gåselever, julenøtter, te, kaffi, vatn, sjokolade... og avslutta med gløgg.

Kvar jul brukar me å lage til julefest for venner og kjende i landsbyen. I fjor blei det den 24. Desember. Det blei mykje køyring for å bringa folk til festen og for å henta mat når tida var inne for det. Då åt me festmaten her: Zame, ris med mykje olje, kjøtt og litt grønnsaker. Det kom mykje folk (ca. 500) på festen, spesielt barn. Eg håpar og ber til Gud om at dei som kom fekk noko med seg i hjarta også, ikkje berre i magen.



Kjersti pynta til julefest.



Transport av stolar til julefesten.



Her blir julemiddagen til, risretten Zame, lagt på fat! 500 kom på festen!

Om kvelden laga eg scones og gløgg til meg og min kollega. Trøtte og slitne begge to, men glade for at alt gjekk så godt. Så avslutta me kvelden med

«Tre nøtter til Askepott» i horisontal stilling på nokre madrassar og puter som me rydda plass til her i stova mi.



Helga, Rod og borna førebur seg til ei varm jul.

FAMILIE på fem i Australia

Miriam, Nathaniel, Karianne, Helga Holmefjord og Rod Lobaugh er bu-sette i byen Perth vest i Australia. Dei er utsendingar for Ungdom i Oppdrag (også kalla YWAM og UIO), og har vore utsendingar for UIO i om lag 20 år.

Kva er primæroppgåva du har som utsending/misjonær?

Rod: Eg er er i leiarskapsteamet for YWAM Perth. Eg leier Appropriate Technology (Tilpassa Teknologi: teknologi som er tilpassa lokale forhold i utviklingsland og basert på lokale ressursar og kunnskap, til dømes vatnfilter og biogass). Eg overser også andre tenester, blant anna Megacities (storbymisjon) og Worship for the Nations (bønne og lovsangsteneste fokusert på misjon).

Helga: Eg er medleiar for utdanningsarbeidet. Blant anna driv me barnehagen på senteret, held seminar for lærarar og underviser om kristen utdanning og arbeid blant barn.

Korleis ser du for deg at julefeiringa vert?

Jul "down under" er ei ganske annleis oppleving! Når Miriam vart spurt om kva lukter ho forbind med jul var svaret "solkrem"! I Australia er jula høysesong for strand og badeliv, grilling og andre utendørsaktiviteter.

Ein av dei australske tradisjonane me er glade i er "Carols by Candlelight". Då samles me til julekonsert i parken om kvelden, og held kvart vårt stearinlys mens me syng julesongar. UiO senteret har vore ansvarlege for å arrangera konserten i vår bydel i fleire år. Det er og ein fin måte å formidla budskapet til lokalbefolkninga sidan mange som ikkje vanlegvis går i kyrkja syns det er greitt å vera med på eit kristent arrangement i parken.


Julafta prøver me som familie å halda på litt norske tradisjonar og temperaturar... Då set me kjøleanlegget på fullt, tenner stearinlys i stova og koser oss med litt norsk julemat. Så les me juleevangeliet og ber saman, og ender kvelden med å opna pakkar. På senteret er det også mykje aktivi-

tet rundt jul. Mange studentar og stab er ungdommar som er heimefrå i jula for første gong, så det er viktig å samlast og organisera kjekke aktiviteter som alle kan delta på. Frå begynnelsen av desember heng me opp julestrømper til alle studenter og stab, klare til å bli fylt opp med godsaker. Alle gir og alle får, og dei blir opna første juledag. Første juledag samles me også til lunsj, vanlegvis rundt 500 av oss frå rundt 50 nasjonar! Godt fellesskap, lovsang og ein pakke-leik er alltid del av programmet. Om kvelden er det gjerne leikar eller ein film for dei som vil. 2. juledag reiser heile gjengen på stranda! Det er alltid eit høgdepunkt. Sjølv om me kjem frå mange forskjellige kulturar er budskapet om Jesus den samme, og på ein måte blir det sett meir i fokus når me legg til sides våre eigne tradisjonar for å fokusere på det me har til felles, nemleg at me kan feira han som kom for å gje oss nytt liv!

Ønskjer alle i Fusa ei velsigna god jul!



Primstaven og jul!



Dette er ein primstav som er broderert med korssting, og arbeidet er utført av Solveig H Antonsen.

Vintertida starter med vinterdagen 14. oktober, og det første symbolet som møter oss er ein vott eller hanske. Votten høyrer til paven sin drakt. Ei seinare folkeleg tyding er nok at vi denne dagen skal førebu oss for vinteren. Men det er også uttrykt følgjande om veret på denne dagen: «Er det godt Veir paa denne Dag, da bliver der en god Vinter».

Til alle tider har menneska hatt trong for å telje dagane, eller halde orden på tida i høve viktige arbeidsoppgåver og livsrytmer. Dette har vore gjort på ulike måtar gjennom historia; nokon har brekt stykke av greinar for å ha styringa, andre har laga knutar på eit snøre, og nokon har skåre hakk i ein trestokk! I Gulatingsloven vart det lovfesta at bod om messe skulle bli bragt frå gard til gard. Presten skar ein kross på ei bodstikke som vart sendt kringom. Dette var tungvindt, og etter kvart kom primstaven i bruk som messekalender. Primstaven stammer truleg frå den enno eldre runekalenderen, som er kjend sidan 1200-talet. Primstaven i Noreg kjenner vi attende til 1400-talet. Den eldste bevarte norske primstaven er datert 1457, men det er den einaste frå det århundre. I Noreg er det teke vare på mange primstavar frå 1600-1700-talet. Dei tek utgangspunkt i kyrkja sine høgtider, men dei ulike arbeidsoppgåvene og varsla kan variere frå stad til stad. Primstaven vart nytta fram til midten av 1800-talet. Føremålet med primstaven var ikkje berre å halde orden på heilagdagane og kyrkjjetider, men også arbeidsoppgåvene til dei ulike årstidene og vervarsel. Her skal vi sjå litt på kva primstaven sine symbol inneheld kring juletida vår.

Tekst: Harald Geir Sæther.
Kjelde m.a.Wikipedia

23. desember – Vetle julaftan

– også kalla tollesmesse, torlaksmesse, sjursmesse og sjulsmesse

Primstavmerke: Halvkross

Tollesmesse er til ære for den islandske biskop Thorlákr Thorhalls-son (1133—1193), som vart gjort til helgen i 1198. I Noreg var han først og fremst populær på Vestlandet og i Nord-Noreg.

I nyare tid gjer mange nordmenn ferdig sine siste juleførbuingar på vetle julaftan. Det er bl.a. lang tradisjon med å vaske på dagen og pynte på kvelden. Mange stadar i Noreg vart seinkvelden og natta mot julaftan kalla for «vaskenatta». Då skulle vegger, bord og benkar vaskast, og alle i huset skulle bade og ta på seg reine juleklede.

25. desember – Første juledag (Natalis Christi)

, dagen då ein i vestleg kristendom markerer at Jesus Kristus er fødd

Primstavmerke: Kristusbarnet eller ei sol som skal bety at Kristus er «rettferds sol», som han vert kalla i Det gamle Testamente. Andre symbol kan vere øks, klokke, tønne, omvendt drikkehorn. Eit par av desse symbola viser at julefeiringa er ein tradisjon med røtter i hedensk tid.

I folketradisjonen er juledagen synonym med den første dagen i julefeiringa, sjølv om nokre land også feirer kvelden og natta før.– altså julekvelden. I austleg tradisjon er den tilsvarande festen 7. januar. Inntil i år 1700 vart også denne dato feira som juledag i Noreg, og kvelden før, altså den 6. januar, som julekvelden. Dette året vart den gregorianske kalenderen innført i Norden, noko som i praksis resulterte i at 12 dagar vart borte pga avviket mellom desse to, altså den gregorianske kalenderen og den julianske kalenderen. Frå då av har vi i Noreg feira juledagen den 25. desember.



Her har vi fleire symbol på primstaven som syner dei store kontrastane i kva som kunne vere med på ein primstav.

Tønna øvst på dette bilete gjeld for datoen 21. desember, Thomas Apostel, også kalla for Tomas Brygger. Ei tønne sikter til julebrygginga.

Så kjem symbolet sola på 1. juledag, som symboliserer at Jesus Kristus er fødd. I Det gamle testamente vert Jesus omtala for «Rettferdighetens sol».

Det neste symbolet er timeglasset, 1. januar! Det symboliserer den første dagen i det nye året etter den gregorianske kalenderen.

Så kjem «tre kroner» for den 6. januar – omtala som «Heilage tre kongers dag» - som symbol for bibelteksten der nokre vise menn frå Austerland kom til Jerusalem og fann jødekongen som var fødd.

Kristmesse er den internasjonale nemninga for juledagen som peiker direkte på den årvisse heilagdagen den 25. desember som markerer fødselen til Jesus Kristus. Dagen vert feira over store delar av verda og sammenfaller med den hedenske festen jul. Kristmesse og juledagen er det same, men i Norden er det tradisjon, uansett religiøst innhald eller ikkje, til å referere til dagen som jul. Tradisjonelt vert Kristmesse feira med tre gudstenester på første juledag den 25. desember. Midnattsmesse om natta, éin ved daggry og éin seinare på dagen. Dette er bevart som ein fast regel i katolsk liturgi, og er også utbreidd i ein del andre kyrkje-samfunn.

28. desember – Barsedag eller barnemesse

Primstavmerke: Liten kross, og ved nokre høve eit sverd

Barsedag eller **barnemesse** (av lat. Innocentium festum martyris) er ein merkedag på den norske primstaven til minne om borna som Herodes lot drepe i Betlehem for å kome Jesubar-net til livs. Barsedagen er truleg også opphavet til julefesttradisjonane vi har hatt gjennom generasjonar, også her i Fusa. I følgje norsk tradisjon vil veret på denne dagen avspegle veret komande sommar.

1. januar – Første nyttårsdag

Primstavmerke: Solhjul, timeglass, kyrkje

Første nyttårsdag, eller berre nyttårsdag, viser til den første dagen i det nye året etter den gregorianske kalenderen, 1. januar. Denne dagen kjenner vi som ei natt med fyrverkeri, god mat og drikke, og fest! Med unnatak av Israel er denne dagen heilagdag i alle land som følgjer den gregorianske kalenderen. For folk som har levd ei tid så er jo denne dagen kjent for fleire ting, m.a. nyttårshopprenn og nyttårskonserter. Det første nyttårshopprennet vart arrangert i 1921 og den første nyttårskonserteren i 1941.

6. januar – Heilage tre kongers dag


Primstavmerke: Tre kross, tre kroner, tre menn

Heilage tre kongars dag eller trettendedag er ein kyrkjeleg festdag som vert feira den 6. januar. Det er den tolvte dagen etter juledagen 25. desember, men vert framleis kalla trettende dag jul! På eldre svensk sa dei både tolfte dag og trettendag jul. I Storbritannia vert dagen kalla Twelfthday eller Ephiphany. Også på norsk brukar nokon epifani, som betyr openberring, særleg i Den katolske kyrkja og Den ortodokse kyrkja. Inntil festdagsreduksjonen som vart gjennomført i 1970 var denne dagen

ein offentlig heilagdag i Noreg. I Finland kallast denne dagen for Loppiainen, og det er framleis heilagdag der. Når 6. januar i gamal tid kunne bli kalt «Trettendedagen gamle juledagen», skuldast det kalenderreforma - innføringa av den gregorianske kalender i 1700 då tolv dagar vart fjerna i kalenderen, slik at gamle 1. juledag falt på den 6. januar.

Bakgrunnen for dagen er skildringa i Matteus evangelium kapittel 2, vers 1-2, der det står:

«Då Jesus var fødd i Betlehem i Judea, i kong Herodes' dagar, kom det nokre vismenn frå Austerland til Jerusalem og spurde: «Kvar er den jødekongen som no er fødd? Vi såg stjerna hans gå opp, og no er vi komne og vil hylla han».




7. januar - Eldbjørgdagen

Primstavmerke: kross

Eldbjørgdagen (også kjend som Eldborgs skål, eldsdag, jola, St. Knut, ildbergingdag, avfaredagen eller englefare-dag) er merkedag som har blitt feira i Noreg og i Bohuslän sidan 1300-talet. Den vart tradisjonelt feira 7. januar. Dagen markerte at julefeiringa var over og at gjestane kunne reise heim. Tradisjonen var at man drakk «eldbjørgminne», og noen stader utbragte husmora ein skål til Eldborg og ofra øl, brød og kjøtt på elden og sa «So høgt min eld, men inkje høgare og heitare hell». Dermed skulle elden framleis bli ein ven, slik at den haldt fram med å varme huset, unnlot å skade folk, fe og heim.



Dagen vart også feira til minne om Knut Lavard, ein dansk jarl og adelsmann, som vart drept 7. januar 1131. Det er difor naturleg at dette er namnedag for Knut og Eldbjørg. Primstaven fungerte også som ver-teikn. Denne dagen var eit slikt teikn for mars og april månad. Slik veret var på føremiddagen den 7. januar vil det bli att i mars månad, og ettermid-dagsveret var veret ein ville få i april månad. Også bjørnen snudde seg i hiet sitt denne dagen vart det sagt ein del star-dar.



Krossen er primstavmerke for Eldbjørg-dagen, den 7. januar. Dagen vert minna om Knut Lavard, ein dansk jarl og adelsmann, som vart drept 7. januar 1131. Så kan vi sjå øksa på primstaven for 11. januar – til minne om den keltiske helge-nen Brictiva som vart avretta med øks. Tjuendedagen, den 13. januar har m.a. symbol med ei klokke. Klokka symbolise-rer at jula definitivt ringast ut! 20. januar er brødremesse. Dette vert symbolisert med to kross. Men på denne primstaven ser vi ei pil og ei øks, som angir døds måten til Sebastian og Fabian.

11. januar – Brettemesse – brokkismesse eller brykkismesse

Primstavmerke: Øks, hest

Brettemesse – brokkismesse eller brykkismesse (også kalt Brettesmes-se, Brettifumesse, Brittifumesse, Bric-tiva virgo, Brigida virgo eller Brettiva

virgo) er ein norsk merkedag som vart feira 11. januar – til minne om den keltiske helge-nen Brictiva (Bret-tifa) som vart avretta med øks. I No-reg var det tradisjon for at restane av julematen skulle brettast (dvs brek-kast) i bitar, kokast i gryte og etast denne dagen saman med resten av juleølet.

I følgje gamal overtru kunne ting lett gå i stykker denne dagen og ein skul-le ikkje køyre med hest, ellers kunne den brette beinet.

13. januar – Tjuendedagen

Primstavmerke: Øks, klokke, tønne, fei-ekost, omvendt drikkehorn

Tjuendedagen, også omtala som Knutsdag, avfaredag, gamle nyttårs-dag.

Når jula sluttar varierer i dei ulike kulturane. I dag er det ofte nyttårs-feiringen og nyttårsdagen den 1. jan-uar som avrundar jula. Juletefestar vart gjerne haldne fram til heilage tre kongers dag. I Skandinavia varer høg-tida for mange heilt fram til 13. jan-uar eller tjuande dag jul (også kalt for Knuts dag), sjølv om mykje kanskje har endre seg dei seinare åra. I del-ar av Noreg vart julefeiringa avslutta med «kjerringjuldagen» ved kyndel-smesse den 2. februar. Då var mann-folka reist på fiske, og kvinnene kom saman og åt opp det som måtte vere att av julematen.

Tjuandedagen vart omtala allereie i midten på 1200-talet som «gisladag». I en runekalender frå 1328 vart dagen omtala som atundi dagr. På nokre star-dar vart jula jaga ut med bjørkeris. Ein gjekk då frå rom til rom og det vart slått med riset i kvar ein krok og jula vart til slutt jaga ut gjennom døra. Tjuande dag jul var den abso-lutt siste dagen for eit etterjulsgilde med dei siste restane av julemat og -drikke. På primstaven er dagen mer-ka med blant anna ein feiekost og eit drikkehorn som var snudd på hovu-det for denne dagen. Feiekosten var til å feie ut jula og det oppnedvendte drikkehornet viser at juleølet skulle vere drukke opp.



**HERBALIFE
ERNÆRING**

Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspfleie
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI!

Spør etter gratis prøvepakke, uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169

SIGNE GANGSTØ

E-post: famgang@fusi.no

www.signeg.goherbalife.com/nn-no

GRAVMINNER



**Løvaas
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man - fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

www.lovaasnaturstein.no

DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no



Godkjent for Måsbætt Sentralgodkjent rørleggerfirma

BUNNPRIS

Eikelandssosen

Man - fredag **8-21**

Laurdag **9-20**

Tlf. 56581245

bpeikelandssosen@bunnpris.no





Alternative gåveidear støtt gode saker!

HJELP BRANNSKADDE BORN I ETIOPIA!

Du kan kjøpe gåvekort både på Bruktbuo og på kyrkjekontoret. Du bestemmer sjølv prisen på gåvekortet du vil gje, men minimum kr.100,- pr kort. Alle midlane som kjem inn går til Children Burn & Wound Care Foundation, (CBWCF) – arbeidet som dr Einar Eriksen driv i Etiopia. Pengane går i all hovudsak til operasjon av born, og dessutan til opplæring av lokalt helsepersonell. Du kan lese meir på side 16-17.



NY BOK PREGA AV FUSINGAR – EI SPANANDE GÅVE!

Visste du at der er minst 150 namn på Gud i Bibelen? Boka kan sjølvsagt lesast frå perm til perm, men den kan også vere som ei oppslagsbok. I 15 namn på Gud er omtala i boka, og i alfabetisk rekkefølge. Boka er illustrert med meir enn 100 teikningar som Oline og Norunn Rød Markhus har laga! Namnet på boka er «Dine namn er som diamanter, Gud». Forfattar er Ove-Kjell Sakseid, busett i Norheimsund. Pris: kr.250,- pr bok. Forfattaren ønskjer at kr.100,- skal gå til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Boka får du kjøpt på kyrkjekontoret.



Fusa-CD og julekort

Du kan kjøpe Fusa CD-en for kr.100,-. Alle inntekter går til brannskadde born i Etiopia. Den ligg for sal i Bruktbuo og på kyrkjekontoret.

Julekort kan du også kjøpe. Pris kr.10,-, og pakken inneheld fire julekort.



FUSAKALENDEREN 2020

Du kan kjøpe Fusakalenderen på kyrkjekontoret. Pris kr.100,-. Du finn den også i kyrkjene våre. Det kan sjå ut som om fleire kjøper den til julehelsing – ein god ide! Alle inntekter går til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Bilete i år er tatt på Venjanaset, og Fusafjellet er i bakgrunnen. Eit litt annleis og flott motiv i år! Fotograf er Linda-Merethe Dysvik.



Petra og John Dahlström:

Medisin for kropp og sinn

Berre ein dag, eit øyeblikk om gangen!

Dette er Petras favorittsalme når me spør. Fantastisk motto, med djupne!

Sikkert og visst er det: Det kjem mykje godt frå nabolandet i aust. Ein immigrant familie frå nabolandet Sverige har busett seg sentralt i Eikelandsosen-dei vil me gjerne ta ein prat med!

Tekst: Ole Bjørn Eikeland. Foto: Privat

Ved første oppringing, me spør om Petra og John Dahlström er villig til å stille til intervju, og Petra kvitrer kontant:

- Ja det vil me gjerne!
- Men du vil ikkje spørje John først?
- Nei, det er ikkje nødvendig!
Sånn spontan positivitet, det likar me, egentleg litt sjeldan i vår dagar.

Kanskje dette er svensk lynne? Litt meir spontan enn den tenksomme Fusing?

“Ja, jag er ekstremt spontan, jag oppskattar spontanitet og at mennesker bjuder på hvarandra”. Så kontaktvaner, det er ikkje i denne heimen!

Kanskje det er litt forskjell på svensk og vestnorsk lynne?

Der vi kjem frå i Nord-Sverige er ikkje heilt ulikt her. John fortel: Mine besteforeldre hadde gård. Vi var også nær naturen, det påverkar mennes-

ker. Men, her er meir lokalpatriotisk, med eige 17. mai tog i kvar bygd. Det kunne vi ikkje tenke oss der. Men vi feirer gjerne 17. mai! Så her er likheter og skilnader i lynne.

Og kultur? Her opplever vi stor openheit og innbjudande. Folk er varme, skal vi hjelpe til, seier mange. Då vi kom, vart vi veldig godt mottekne. Det hadde vi bedt om, ja det var i vår bøn til Gud: Det er viktig å finne venner. Og det fikk vi!

Kanskje det også blir heilt feil å kalle dykk immigranter?

Vi har ikkje tenkt på det nei, vi vil bli tatt som norske. Vi kjenner oss som fusingar, ikkje som immigranter. Masse er likt der vi kjem frå. Vi kjem fra Lyck-

”

Vi kjenner oss som fusingar, ikkje som immigranter.



sele, ein liten by på høgde med Mo i Rana (Nordland). Men dette er veldig forskjellig: Vi er vant til skikkelig sommer og skikkelig vinter. Men skriv gjerne: Vi gillar godt den tidlege og varme våren her.

Kort presentasjon? Ja, vi er eit ektepar midt i 30 åra som har fire born i alder 7-5-3-1, to gutar og to jenter, vi er veldig takksam for dette. John er lege her i Fusa, Petra er i permisjon med barn nå, til februar, men har stilling på kyrkjekontoret.

Petra om John: John er eldst av 4, tydelig storebror og ledare. Elskar god mat, menneske og vil leva eit aktivt liv. Han kviler når han arbeider med hender. Han har varmt hjerte, er trygg og rasjonell!

John om Petra: Ho er tvilling, av en flokk på 4 barn, oppvaksen i Kyrkan. Interesse for menneske og relasjonar. Studerte til sosionom, og ønska å jobba i kyrkja. Personlighet: Glad, spontan, generøs, ganske fornøgd. Liker å vere ute!

Borna, snakkar dei svensk eller Fusadialekt?

Dei snakkar faktisk begge deler. Svensk heime, og ei blanding i barnehage og skule. Koblar om veldig raskt- noko svorsk blir det nok!

Men fortel, kvifor kom de her til Fusa? De hadde sikkert mange valg?

Det var for fem år sidan, vi hadde to små barn og lengtade etter meir tid som familie. Vi trur at Gud leia oss hit. Ei tid hadde John kontakt med den svenske legen Håkon (Persson), han treivt godt med jobbet her. Så fekk John jobba som vikar her ein sommar, i 2013, det var uvanlig god sommar det året. John fekk spørsmål om å komme tilbake sommaren etterpå, vi bad masse, vi veide pluss og minus, og fekk tilbud om jobb! Det var også trykk herfra frå ulike menneske, det var som eit lite eventyr. Vi fekk fred for at vi skal vere her. "Vi har inte noga at forlora".

Korleis opplever de Fusa no?

Ja, vi har budd her sidan november 2014, leiger hus og har det bra! Dette er ein liten stad med nær til alt: Butikkar, barnehage, jobb, kyrkje, generøse menneske. Og naturen er veldig vakker. På ein fin dag er det få plassar som er så vakre som her!

Lat oss snakke litt om kyrkje og tru. Du Petra er tilknytt kyrkjekontoret?

Ja, eg har 80 % stilling med fokus på barn og unge. Akkurat no er eg i permisjon til februar. Eg skal ha fokus på tru og Jesus, og har stor frihet innfor det. Vi har starta Soul Children og eg brenner også for babysong, det er godt å få arbeide i forsamling, det er kreativt arbeide.

Vi har hørt at du har pinsevennbakgrunn? Kva er største forskjell på den og vår lokale kyrkjelyd her?

Ja, Phildelfia i NordKyrka kjem eg frå. Forskjellen er ikkje så stor. Det går helt fint, her i Fusa er kyrkje til alle, alle er invitert. Ja, det var godt å kome hit, Jesus er her for alle.

Her er så levande og varmt. Mange går ikkje jevnlig i kyrkja, men kjem likevel innom av og til. Liturgien er ulik frå pinsekyrkja – men den har gitt meg mye, Gud er den samme overalt. Jag tycker ikke det er så veldig viktig med organisering, det er mye mer som er likt enn det som skiljer. Å vere med i den lokale kirke er det viktigste.

De har ei tydeleg kristen tru. Har de hatt den med heile livet? Kva er det som gjer at de er så trygg i trua?

Vi er begge vokst opp i kristne heim, bøn og salmer var natulig del av livet. John vart døpt som 19 åring, men var alltid med i kirken. Han er faktisk fjerde generasjon pinsevenn. Petra valde å bli døpt som 12 åring.

Å oppdra born i kristen tru. Kva betyr det i kvardagen?

Vi tek barna med til gudsteneste, i håp om at de skal finne ei personlig

Tid

*Tid att gå.
Tid att stoppa.*

*Tid att springa.
Tid att bromsa.*

*Tid att le.
Tid att gråta.*

*Tid att dansa.
Tid att sörja.*

*Tid att drömma.
Tid att glömma.*

*Tid att bygga.
Tid att riva.*

*Tid att leva.
Tid att dö.*

*Tid att älska.
Tid att förlåta.*

Skrive av Petra

tru. Felleskapet i kyrkja er viktig. I heimen har vi også mye sang og musikk. Vi ber sammen og synger lovsanger sammen.

Som lege, eller doktaren som me seier her, er det berre jobb? Eller er det tid til noko anna? Kva likar de å gjere på i Fusa?

John: Eg har meir tid her enn i Sverige. Det blir mange timar på jobb, ja, men likevel meir tid til familien. Det er luksus å ha så kort reisevei til jobb.

Får de nytte og nyte naturen her?

Ja, det gjer vi, om sommaren er me mykje på tur i fjellet. Også på ski om vinteren, då drar John den tunge pulken med 2 barn. Og helst skulle vi vere enno meir ute!



Er det noko anna som de er engasjert i?

Det beste vi veit er å invitere venner til god mat og fest!

Kanskje de har ei lita hemmelighet å dele med fusafolket?

Petra med latter: Nei, nei - venter ikke vårt femte barn! Vi liker veldig å nyte musikk, særlig opera og ballett. Vi lyssnar masse på musikk. Eg elsker poesi og skriver mykje dikt. Og John, når han har ledig tid, ser han på amerikansk fotball! Det er litt hemmelig heilt til no.

”

Vi tek barna med til gudsteneste, i håp om at de skal finne ei personlig tru.

Juletradisjonar frå Sverige, er dei ulik norske? Eventuelt korleis?

Det er faktisk ganske likt. Fokus familie og på mat, men maten er ulik. Svensk mat mycket bättre, säger John! Pinnekjøtt og lutefisk er litt kleint. Vi eter mye og fikar mye.

Andre interesser? Vi har fått høyre at John er ivrig Liverpoolsupporter. Der trengs ei forklaring!

Heime i Sverige viste dei ein kamp på TV kvar lørdag. Liverpool hadde veldig godt lag, så frå 8 års alder har eg vore supporter. Var også i Liverpool, på stadion. I min oppvekst var der ein svensk midstopper Glenn Hysen, han huskar eg godt! Slikt gjer inntrykk på ein liten gut.

Eit bibelord og ein salme er obligatorisk her. Kven vil begynne?

Petra og John leiter nokre minutt for å finne.

Petra: – Det fins mange fine salmer, men "Blott en dag" er superfin. Rommer så mye trøst og kvile. Tenk: For særskild tid og særslikt nåd. Vi får trøst og kvile i Herren.

John finn fram dette Bibelordet: Fil kap 3 vers 8-9:

"Men allt det som var en vinst för mig räknar jag nu som förlust för Kristi skull. Ja, jag räknar allt som förlust, därför att jag har funnit det som är långt mer värt: kunskapen om Kristus Jesus, min Herre. För hans skull har jag förlorat allt och räknar det som avskräde för att jag skall vinna Kristus och bli funnen i honom, inte med min egen rättfärdighet, den som kommer av lagen, utan med den som kommer genom tro på Kristus, rättfärdigheten från Gud genom tron."

Eg velger dette fordi det har stor betydning for meg, også en av mine første preiker handla om dette.

Å flytte frå Nord-Sverige til Fusa, er kanskje ikkje eit stort kvantesprang, men eit lite dristig sprang for ein stor familie er det. Med denne familien vart bygda og kommunen vår enno rikare enn me var.

Blott en dag, ett ögonblick i sänder, vilken tröst vad än som kommer på! Allt ju vilar i min Faders händer, skulle jag, som barn, väl ängslas då? Han som bär för mig en Faders hjärta, giver ju åt varje nyfödd dag dess beskärda del av fröjd och smärta, möda, vila och behag.

Själw han är mig alla dagar nära, för var särskild tid med särskild nåd. Varje dags bekymmer vill han bära, han som heter både Kraft och Råd. Att sin dyra egendom bevara, denna omsorg har han lagt på sig. "Som din dag, så skall din kraft ock vara," detta löfte gav han mig.

Hjälw mig då att vila tryggt och stilla blott vid dina löften, Herre kär, ej min tro och ej den tröst förspilla, som i ordet mig förvarad är. Hjälw mig, Herre, att vad helst mig händer, taga ur din trogna fadershand blott en dag, ett ögonblick i sänder, tills jag nått det goda land.

Vi tar med bibelordet frå John og skriv det slik det står i nynorskbi-belen – om nokon skulle ha vanskar med språket!

Filipperbrevet 3,8-9:

«Ja, eg reknar alt som tap mot det som er så mykje meir verdt: å kjenna Kristus Jesus, min Herre. For hans skuld har eg tapt alt, og eg reknar det som skrap så eg kan vinna Kristus og bli funnen i han, ikkje med mi eiga rettferd, den som lova gjev, men med den rettferda vi får ved trua på Kristus, rettferda frå Gud, bygd på trua».

Hei alle som er/blir 3 år i 2019!

Velkomen til familie-mix 8. des. kl. 11.00 i Eiklandsosen bedehus!

Her vil du som er 3 år få ei fin gåve frå kyrkjelyden som du kan bruka i ventetida fram mot jul. Håpar du kjem!!!! Inviter gjerne familien med, besteforeldre og fadarar!
Venleg helsing Stefan



Prosjektering
Rehabilitering
Nybygg

TA KONTAKT MED

BYGGMESTER

SVENN C. STORUM

📞 951 56 327 storum@fusi.no

Malerfirma
Kenneth Samnøen

5640 Eiklandsosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering

Tlf. 90 80 15 38



Julegåver og alternative julegåver?

Ønskjer du å gje ei gåve til hjelp for brannskadde born no før jul, kan det gjerast på fleire måtar. Du kan bruke vedlagte giro og betale inn ei gåve. Du kan også betale direkte inn på Fusa sokneråd sin bankkonto 3530 25 86215, eller bruke Vipps. Søk opp Fusa sokn! Men viktig. Merk innbetalinga «Etiopia».

Så har vi gåvekort som kan kjøpast, og du kan gje som alternativ julegåve. Dei siste åra har vi seld mellom 50 og 100 slike gåvekort pr år. Minstepris er kr.100,-. **Ta kontakt med kyrkjekontoret eller Bruktbuo**, og du får kjøpt desse.

Fleire i Fusa og utanfor Fusa har ved runde dagar ønskja seg pengegåver som skal gå til dette arbeidet. Det kan også vere ein idè for dei som måtte ønskje det!

TAKKOFFER

Oversikt over gåver vi har fått i offer i perioden 01.05.2019-30.09.2019

04.05.2019	Konfirmantarbeidet.....	kr.	2865,-
05.05.2019	Konfirmantarbeidet.....	kr.	2871,-
11.05.2019	Konfirmantarbeidet.....	kr.	783,-
11.05.2019	Konfirmantarbeidet.....	kr.	2385,-
12.05.2019	Konfirmantarbeidet.....	kr.	5863,-
17.05.2019	Mercy Ships.....	kr.	4643,-
20.05.2019	Barnevakten.....	kr.	1793,-
26.05.2019	Kyrkjelydsarbeidet.....	kr.	3512,-
30.05.2019	Trusopplæringa.....	kr.	705,-
02.06.2019	Misjonsprosjektet.....	kr.	6229,-
02.06.2019	Blå Kors Bergen.....	kr.	2196,-
09.06.2019	NLA.....	kr.	4380,-
16.06.2019	Kyrkjelydsarbeidet.....	kr.	11886,-
23.06.2019	Diakonalt arbeid lok.....	kr.	720,-
23.06.2019	Kyrkjelydsarbeidet.....	kr.	3629,-
30.06.2019	Diakonalt arbeid lok.....	kr.	2180,-
07.07.2019	Utsmykking Fusa kyrkje.....	kr.	2530,-
14.07.2019	Sætervik.....	kr.	2800,-
21.07.2019	Utsmykking Sundvor kyrkje.....	kr.	2120,-
28.07.2019	Utsmykking Strandvik kyrkje.....	kr.	667,-
29.07.2019	Elevstipend Etiopia.....	kr.	2974,-
07.08.2019	Strømmestiftelsen.....	kr.	3920,-
11.08.2019	Utsmykking Sævareid kapell.....	kr.	856,-
18.08.2019	Mercy Ships.....	kr.	3130,-
25.08.2019	Mercy Ships.....	kr.	2391,-
25.08.2019	Utsmykking Hålandsdal kyrkje.....	kr.	3200,-
01.09.2019	Trusopplæring.....	kr.	4654,-
15.09.2019	Kyrkjelydsarbeidet.....	kr.	2731,-
15.09.2019	Trusopplæring.....	kr.	1680,-
22.09.2019	Trusopplæring.....	kr.	3570,-
29.09.2019	Trusopplæring.....	kr.	3940,-

TAKK TIL 50-ÅRSJUBILANTANE PÅ FUSA UNGDOMSSKULE

Fusa sokneråd takkar for kr. 6.000,- som vart gitt frå ungdomsskulen sine 50-årsjubilarantar til kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid. Dette er oppmuntrande og til glede – og til støtte slik at vi kan drive eit aktivt arbeid blant barn og unge i Fusa.

TAKK TIL STRANDVIK MONTESSORISKULE

Fusa sokneråd takkar for kr. 4.200,- som er gitt til «Hjelp til brannskadde born» i Etiopia. Vi veit at skulen også på FN-dagen hadde eit arrangement til inntekt for same føremål. Når ein operasjon av eit born kostar i gjennomsnitt om lag kr. 7.000,-, så er desse gåvene med og gir små barn ein heilt ny start i livet – og dei kan få venner att og gå på skule – og ein vanleg oppvekst der dei bur! **Takk for dykkar engasjement!**

Gåver til

barne- og ungdomsarbeidet

Fusa sokneråd takkar alle som har nytta giroen i kyrkjebladet i august månad. Det er kome inn overkant av kr. 30.000,- til dette arbeidet i september og første halvdel av oktober. **Takk til alle som har gitt gåve!**

«....og høyt i
toppen den blanke
stjerne.....
for den skal
minne oss
om vår
Gud.»

Hjelp brannskadde born i Etiopia

- Vi held fram arbeidet med å samle inn midlar!

Her kjem ei oppdatering av korleis det går med arbeidet som dr. Einar Eriksen og hans medarbeidarar gjer for å hjelpe brannskadde born i Etiopia! Mange har støtta - og støtter dette arbeidet- privatpersonar, barneskular, ungdomsskulen, barnehagar, Bruktbuo, idrettslag, næringsliv og kommune. Takk til alle, og vi håpar alle som har vore med fram til no - og enno fleire - vert med i den vidare satsinga.

Brannskader er eit stort helseproblem i mange afrikanske land, m.a. Etiopia. I Fusa har vi hatt fokus på særleg nokre område.

1. Vi ønskjer å hjelpe flest mogleg brannskadde born slik at dei får ein ny start i livet.

2. Vi ønskjer å bidra til å få utdanna lokalt helsepersonell som kan føre dette viktige arbeidet vidare.

3. Oppruste brannskadeavdelingar og kjøpe inn viktige hjelpemiddel som trengs for å operere brannskadde på ein best mogleg måte.

Kort om nokre eldsjelar

Fleire kunne nok vore nemnd enn dei eg skriv om her. Eg starter med styreleiar for CBWCF; Hans-Petter Schjeldrup. Han er busett i Harstad. Er sjølv alvorleg brannskadd. Han møtte dr. Einar Eriksen på Haukealand – Einar var ein av dei som var med og snudde livet for Hans-Petter til å sjå positivt att på livet – framleis som alvorleg brannskadd! Dette er ei spanande historie som fleire i Fusa har høyrd. Hans-Petter er ein pådrivar og ein som er engasjerande å høyre på, og som verkeleg brenn for å hjelpe brannskadde born. Han var saman med dr Einar Eriksen med og setje i gong arbeidet i Etiopia. Utan Hans-Petter ville ein ikkje oppnådd dei resultatata som er gjort med å hjelpe så mange born.

Så har vi Einar og Lillian-Rose Eriksen. Einar har vi fortald om. Kona Lillian-Rose er ein svært viktig medspelar i arbeidet, og har for tida særleg fokus på resirkuleringsprosjekt av stoff som vert sydd om til praktiske ting som t.d. forklede, brødkorger, handlenett m.v. Mykje av dette vert seld til utlandet. Det er ei brannskadd kvinne som har dette som levebrød. Å drive slikt arbeid som dei gjer i Etiopia er ikkje utan hindringar – der er ofte store utfordringar på mange plan. Einar har reist frå trygg jobb i Noreg og etablert seg i Etiopia med den store oppgåva som han og Lillian-Rose har gått inn i – å hjelpe brannskadde born i eit land med heilt andre føresetnadar enn det vi har i Noreg.

Ønskjer du
å gje ei gåve til hjelp
for brannskadde born,
sjå side 15.

Tekst: Harald Geir Sæther

Utdanning av helsepersonell



Frå konferansen i Durban: Her er dr Einar Eriksen saman med lokalt utdanna helsepersonell i Etiopia. Til høgre er Anteneh som vi frå Fusa møtte hausten 2018 i Hagere Mariam.

CBWCF og Dr Einar Eriksen har med stipendordningar for studantar (innsamla midlar i Fusa) fått utdanna både lokale legar, sjukepleiarar og helsearbeidarar. Desse bidrar no sjølvstendig med operasjonar og oppfølging i etterkant. Dei er kome så langt at nokon i haust for første gong har hatt seminar for legar og anna helsepersonell frå afrikanske og europeiske land i tillegg til USA! Dette var i Durban i Sør-Afrika. Desse

er helsepersonell frå Hagere Mariam, eit uroleg område i Sør-Etiopia som Fusagiengen besøkte sist haust.

Forutan Addis Abeba og Hagere Mariam er ein no på veg til å få etablert ei brannskadeavdeling i ein større by som heiter Arba Minch. Alt dette skjer ved at CBWCF og dr Einar Eriksen koordinerer det heile. Det er stort det som skjer om dagen.

Samarbeid med Uppsala Universitetssjukehus

Ved Uppsala Universitet ligg eit av Sveriges 2 brannskadesenter. Overlege der, Morten Kildal, har fulgt dr Einar Eriksen sitt arbeid i Etiopia i ein periode. Han har vore svært ivrig for å etablere eit formelt samarbeid med CBWCF og det koreanske sjukehuset i Addis. Dette samarbeidet inkluderer også kompetansebygging ved sjukehusa i Arba Minch og Hagere Mariam. Desse 2 offentlege sjukehusa inngår no i tillegg i dette samarbeidet med Uppsala - ein utrolig flott utvikling hvor CBWCF og dr Einar Eriksen er bindeleddet.



Operasjonar av brannskadde born



Burtukan nyoperert.

Burtukan, vel eit år gamal, hadde ein brannskade på lår/kne/legg/fot som gjorde at ho ikkje ville kunne gå normalt seinare i livet. Ho vart utskreven i byrjinga av oktober, med gips som ho må ha i tre veker. Jenta vil bli heilt fin i foten og utvikle seg som andre born.

Dameneh er 11 år gamal. Han vart brannskadd ved hytta (heimen deira) i august månad. Han hadde vore to veker på eit sjukehus før dei tok kontakt med Einar Eriksen. Dei tvilte på om han ville overleve. Det vart utført umiddelbar transport til Addis. Guten var tynn og mager, og ikkje sterk nok for operasjon. Dei måtte først få i han mat. Etter om lag ei veke vart første av to hudtransplantasjonsoperasjonar utført. Han kom seg, vart motivert for gangtrening når såra grodde. Han vart utskreven i



Dameneh i senga saman med eit kosedyr som elevane ved Fusa ungdomsskule har sendt til Etiopia.



Klar for utskrivning.

midten av oktober, og hadde ingen vanskar med å gå då han og mora tok bussen på heimveg. For mange nordmenn tenkjer ein gjerne at det ikkje er så mange brannskadde born i eit land! Men Etiopia med sine ca 100 millionar menneske der dei aller fleste har open eld både til matlaging og varme i sine afrikanske hytter skjer der ofte uhell - og både meir og mindre alvorlege brannskader oppstår. Vi viser bilete frå to av mange barn som er operert og følgt opp den seinare tida.



Gåtreening.

Hugsar de Abdi og Hakin?

I kyrkjeblada i 2017-2018 fulgte vi Abdi og Hakin i nærmare eit år, to alvorleg brannskadde gutar frå Somalia. Dei var på sjukehuset og gjekk gjennom operasjonar i nærare eit år. No kan gutane løpe rundt, men treng fleire operasjonar for å gjere kroppen meir bevegeleg – gjeld føtter, hender og rygg. Ein håper å kunne gje dei vidare hjelp.



Abdi og Hakin nyoperert i februar 2018.



Abdi og Hakin juni 2019.

WALK AND RUN I 2020!

Merk på kalenderen din allereie no. Laurdag 6. juni 2020 på føremiddagen vert det nytt Walk and Run i Eikelandssosen. Då innbyr Fusa sokneråd, Frivilligsentralen og Bruktbuo til nytt festarrangement.



Bli kjend med Henriette Tverli Dale ved frivilligsentralen

Henriette er eit nytt ansikt på frivilligsentralen. Victoria som mange kjenner er no gått ut i foreldrepermisjon. Vi måtte derfor få inn ein ny dagleg leiar for frivilligsentralen for den perioden Victoria har permisjon. Litt spesielt er det at det er søster til Victoria, Henriette Tverli Dale, som vart tilsett i vikariatet. Sjølv med sin unge alder har Henriette ein spanande bakgrunn som vi vonar ho kan få nytte av i arbeidet – og som vi alle kan få glede av.

Tekst og bilete: Harald Geir Sæther

Henriette – kven er du?

Eg er 23 år og kjem frå Dale i Fusa kommune. Dei siste åra har eg budd i Bergen i forbindelse med studie. Eg valde ei utdanning innan marknadsføring og kommunikasjon, då dette er eit tema eg syntes er svært spennande. I bacheloroppgava mi skreiv eg om Norges Frivilligsentraler, som er interesseorganisasjonen for alle landets frivilligsentralar. Oppgåva tok utgangspunkt i å lage ein kampanje for Norges Frivilligsentraler, der målet var å rekruttere fleire unge frivillige.

Kva tankar gjer du deg om jobben som dagleg leiar som du skal vere i i om lag eit år?

Å tre inn i stillinga som dagleg leiar for Fusa Frivilligsentral gjer eg med stort engasjement, men og med litt nervar i spenn. Det er ein omfattande jobb, med mange ulike aktivitetar og oppgåver. Heldigvis er der mange flinke og rutinerte frivillige som er veldig hjelpsame. Eg gler med til å fortsette med det gode arbeidet som allereie er lagt ned, men og å sette mitt preg på det.

Er der juletradisjonar du set spesielt pris på?

I førjulstida er det mykje som skal fiksast, og det er difor ei god kjensle

på kveldinga på vetlejulafta når alt er på plass. Familien samlast då hos besteforeldra mine for å trille marsipan. Det er ein koseleg og spesiell tradisjon som eg set svært pris på, og det blir ikkje jul utan. Det er svært mange fine julesangar, men personleg er eg spesielt glad i «Eit barn er født i Betlehem». Denne songen syng me i familien saman før middagen på julafta.

Vi ønskjer Henriette velkomen i stillinga!



Matgåve til jul – Matglede til jul

Vil du vera med å gleder nokon til jul? Ved å gje ei matgåve hjelper du familiar i Fusa kommune som ikkje har så mykje å rutte med. I perioden 29. november til 16. desember vil det stå ei handlevogn utanfor Spar på Fjord'n senter. Ein kan gje matvarer i vogna, putte pengar i bøssa, eller vippse ein sum som brukes til å kjøpe inn ferskvarer. Gåva vil kome godt med til familiar som treng det.

Vipps: 90436
(marker med «matgåve»).

Med venleg helsing
Fjord'n senter, Nav Fusa, Fusa sokne-
råd og Fusa Frivilligsentral



Jul i Bruktbuo

Velkommen innom julebutikken Bruktbuo. Me har alt du treng til høgtida, både gåver, pynt og klede. Hos oss kan du finne alt frå moderne julepynt til bestemors gamle juleservise. I Bruktbuo kan du kjøpe gåver med ein historie. Det kan til dømes vera ei bukse som har fått nytt liv ved å bli til eit handlenett. Ved å handle lokalt hos oss er du også med å støtte Fusa sokneråd sitt barne- og ungdomsarbeid, og brannskadde born i Etiopia.

Ta julehandelen hos oss.

Våre opningstider er: **Torsdag: 12 – 18**
 Fredag: 11 – 17
 Laurdag: 11 – 14



Bruktbuo



La brukt bli brukt





FUSA GRAVMONUMENT ØYVIND HELLAND

Tlf. 56 58 14 06
Fax 56 58 39 99
Mobil 48 25 56 50

- Oppretting og sikring
- Oppussing
- Tilføyelse
- Innhogne bokstavar
- Påsette bronse og gullbokstavar

Solheim Elektro as

5642 Holmefjord

- Alt innen elektro
- Termografering og kontroll av elektriske anlegg
- Sertifisert av Det Norske Veritas



Telefon 91 71 84 91

E-post havard@solheimelektro.no
www.solheimelektro.no

REISENE BESTILLER VI HOS:

TRAVELNET OS REISEBYRÅ AS

Boks 274 - 5203 Os
Tlf.: 56 30 43 00
e-post: os@travelnet.no
www.verden.no

Følg oss på Facebook



Tønnegarden

Samnøyvegen 57 - 5642 Holmefjord
Tlf. 91 99 30 40

post@tonnegarden.no - www.tonnegarden.no

- Tønneproduksjon før og no.
- Selskapslokale, kurs og møtelokale.
- Servering av tradisjonsmat.
- Steinomnsbakst.
- Catering -middag, koldtbord, snittar mm.
- Kaker og lefser.

Følg oss på facebook og instagram.



TOMBRE

Havbruk i generasjoner
WWW.TOMBRE.NO

SPAR

Eikelandssosen

Opningstid **8-21**
Laurdagar **9-20**

Tlf. 56 58 00 90

ELEKTRO OG RØYRLEGGJARBEDRIFT/BUTIKK



HELLAND

ELEKTRO & VVS AS
5640 EIKELANDSSOSEN

TLF. 56 58 06 20 - FAX 56 58 06 29
Mobil Ingemar: 976 67 843

Me hjelper deg med vann-, lys- og varmeinstallasjoner når du skal byggja nytt eller rehabilitera.



5643 STRANDVIK

Tlf. 56 58 00 70 Fax 56 58 00 79

E-post: post@leiglandbygg.no
www.leiglandbygg.no

Fusa og Samnanger
GRAVFERDSBYRÅ

OMSORG VED LIVETS SLUTT

DØGNÅPEN TELEFON
56 58 15 09

SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRITT TIL VÅRE SEREMONIER
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLØMSTER.NO
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05

Besøk vår heimeside
www.fusa-kraftlag.no

Din lokale kraftleverandør

Fusa kraftlag

5640 EIKELANDSSOSEN
Tlf. 56 58 00 20

SparebankenVest
avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med
forsikring, lån,
sparing og plassering.

VI ER HER
www.spv.no



Norheimsund TRYKKERI AS

Steinsdalsvegen 187 A
5600 Norheimsund

Tlf. 97 59 24 88

E-post: post@nhstrykk.no

Alt i trykksaker





ADVENTS- og JULEMIX

Julekonsert

i Strandvik kyrkje

sundag 15. desember kl.19.00.

Medverkande:

Kammerkoret Takt og Tone, Victoria Skarstein Bakke, Marinen Yufen Lygre, Holmefjord musikklag m.fl. lokale aktørar.



Kollekt til Kirkens Nødhjelp

Julekonsert

i Hålandsdalen kyrkje

fredag 20. desember kl.19.00.

Medverkande: Koret «Litt av kvart» frå Oma, Takt og Tone, Sjøfar, Even Lygre på gitar og Bjørnafjorden jazzensemble saman med Tonje Gausvik og Synnøve Austestad.



Kollekt til Kirkens Nødhjelp

Julekonsert

i Fusa kyrkje

laurdag 21. desember kl.17.00.

Medverkande:

Eikelandsfjorden musikklag, Eikelandsosen skulemusikklag m.fl. Kollekt til Kirkens Nødhjelp



Vi syng jula inn

i Fusa kyrkje

sundag 22. desember kl.16.30

med «Nine lessons and carols». Koret «Sine Nomine» blir med. Dette er ein populær engelsk tradisjon for julaftangudstenester – som etter kvart også har blitt populære andre stadar i verda. Bli med i Fusa kyrkje og opplev advents- og julesalmar og ulike skriftlesingar i tilknytning til Jesus sin fødsel. Kollekt til Kirkens Nødhjelp.

Gudstenester julaftan og 1. juledag

24. DESEMBER

kl.11.00 på Fusa bu- og behandlingssenter. Ved Einar Ekerhovd

kl.14.00 i Strandvik kyrkje – familiegudsteneste. Ved Einar Ekerhovd

kl.14.00 i Sundvor kyrkje – familiegudsteneste. Ved Astrid Heidal

kl. 15.00 i Bygdaheimen, Holmefjord – familiegudsteneste. Ved Margunn Å Sæther

kl.16.00 i Sævareid kapell – familiegudsteneste. Ved Harald Geir Sæther

kl.16.00 i Hålandsdalen kyrkje – familiegudsteneste. Ved Einar Ekerhovd

25. DESEMBER

kl.12.00 i Fusa kyrkje – Høgtidsmesse. Ved Einar Ekerhovd. Aksel Henning Holdhus på trompet

Tradisjonell julefest/ familiefest

i Eikelandsosen bedehus fredag 27. desember kl.18.00.

Program for små og store, andakt og juletrengong, matøkt og overraskingar!



Nyårsaftangudsteneste!

Det er tradisjon med nyårsaftangudsteneste i Fusa kyrkje – kl.18.00. Vi markerer overgangen frå 2019 til 2020 – og overgangen frå Fusa kommune og Os kommune til Bjørnafjorden kommune!

Det kan kome endringar i programma.



SPAR 

Fusa

Man-fre **8-21**
Lørdag **9-20**

Tlf. **56582133**
spar.fusa@spar.no

Velkommen til hyggelig handel hos Spar Fusa!

ASVO Fusa AS

www.asvofusa.no
post@asvofusa.no
tlf.: 56 58 14 18

5640 EIKELANDSØSEN

Er ei allsidig bedrift som driv med sal og produksjon

- Montering av mekanisk komponentar
- Fyringsbrikettar og opptenningsveg
- Blomekassar, sandkassar og varmpumpehus
- Høvleri
- Listeproduksjon
- Plenslåing

Me har moderne maskiner for å trevareproduksjon og tek gjerne imot oppdrag for Dykk!

Alltid god service og rimelege prisar!



BYGGADMINISTRASJON Harald Bjørndal a.s.

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLERING

Tlf. kontor: 56 58 11 30
Tlf. privat: 56 58 51 19
Telefax: 56 58 11 99
Mobil: 970 63 526
E-mail: post@byggadmin.no

Postboks 103
5649 EIKELANDSØSEN

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER, BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

Tlf 5658 1386 - Fax 5658 1656 - Mob 9054 4766
BERGE ELEKTRONIKK

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**



Hordaland A/S
Rørteknikk

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget

VVS-VA-HAVBRUK-PRODUKSJON

Holsundveien 285, 5642 Holmefjord

Telefon: 56 58 09 90 - E-post: post@h-rt.no



MALERMESTER

ALF HJELLE & SØNN AS



Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

FARGERIKE HJELLE

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. **56 58 15 25** eller **915 46 880**

E-post: firmapost@alfhjelle.no

VESTLANDSKE LIMTRE
INDUSTRI AS

5642 HOLMEFJORD
Telefon: 56 58 07 00
Telefax: 56 58 07 01

Spesialist på trekonstruksjoner
Limtre – beslag – takstoler – takverk

post@vlimtre.no

www.vlimtre.no



1970-2015 Tradisjon for kvalitet i 45 år

Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

L. HJERTNES AS



5646 Nordtveitrend • Tlf: 56 58 20 60
E-post: post@lhjertnes.no
www.lhjertnes.no

FUSA AUTO A/S
BILVERKSTAD



Fusa Auto AS

Opsalneset 20, 5641 Fusa
Tlf. **56 58 22 86**

Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



www.meca.no

M E C A



P. H. Haugen
Landhandel - Sævareid
tlf. 56583110

e-post:

narbutikken.severeid@narbutikken.no

Fusa Ferdigbetong as



5640 Eikelandsosen

Betongpumping - ferdigbetong
sand - singel - grus
transport - maskinarbeid
betongprodukter m.m.

Tlf. 56 58 13 10

Mobil 913 65 482 / 951 87 421

E-post: post@fusabetong.no



Gudstenester i Fusa sokn

01.12.2019 - 02.02.2020

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
Desember				
01.12.	11:00	Fusa kyrkje	Høgtidsgudsteneste	1. søndag i adventstida
08.12.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix med 3-åringar	2. søndag i adventstida
08.12.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	2. søndag i adventstida
15.12.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	3. søndag i adventstida
22.12.	16:30	Fusa kyrkje	Nine lessons and carols	4. søndag i adventstida
24.12.	11:00	Fusa BBS	Høgtidsgudsteneste	Julaftan
24.12.	14:00	Strandvik kyrkje	Familiemix	Julaftan
24.12.	14:00	Sundvor kyrkje	Familiemix	Julaftan
24.12.	15:00	Bygdaheimen, Holmefjord	Familiemix	Julaftan
24.12.	16:00	Hålandsdalen kyrkje	Familiemix	Julaftan
24.12.	16:00	Sævareid kapell	Familiemix	Julaftan
25.12.	12:00	Fusa kyrkje	Høgtidsgudsteneste	1. juledag
31.12.	18:00	Fusa kyrkje	Kveldsgudsteneste	Nyårsaftan
Januar				
01.01.	12:00	Hålandsdalen kyrkje	Høgtidsgudsteneste	1. nyårsdag
05.01.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Kristi openberringsdag
05.01.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Kristi openberringsdag
12.01.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	2. søndag i openberringstida
19.01.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	3. søndag i openberringstida
19.01.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	3. søndag i openberringstida
26.01.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	4. søndag i openberringstida
26.01.	16:30	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	4. søndag i openberringstida
26.01.	19:00	Eikelandsosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	4. søndag i openberringstida
Februar				
02.02.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	5. søndag i openberringstida
02.02.	19:00	Fusa kyrkje	Kveldsgudsteneste	5. søndag i openberringstida

Frå KYRKJEBØKENE



Dåp

Strandvik kyrkje

29.09.2019 Jonah Pedersen Skåtun

29.09.2019 Leah Håvik



Gravferd

Hålandsdalen kyrkje

08.10.2019 Klara Tveitnes, f. 16.11.1919

30.10.2019 Ole Magnus Rosenberg, f. 01.04.1951

05.11.2019 Bjarte Bjørndal, f. 29.03.1965

08.11.2019 Harald Magnus Tombre, f. 10.10.1933

Sævareid kapell

06.11.2019 Ingrid Larsen Mjånes, f. 30.11.1925



Informasjon

Avsendar:
Fusa kyrkjeblad
Postboks 73
5649 Eikelandsosen

50- og 60-årskonfirmantar i Fusa kyrkje

Det var flott å få vere til stades då 50- og 60-årskonfirmantane var samla i Fusa kyrkje søndag 6. oktober.
Takk skal de ha!



60-årskonfirmantar.



50-årskonfirmantar.

No blir Os kommune og Fusa kommune til Bjørnafjorden kommune – kva konsekvensar får det for offentlege tenester og kyrkjelege tenester for folk i Fusa?

Det vert nokre endringar i samband med samanslåinga, og vi vil i første nummer av kyrkjebladet i 2020 gå meir i djupna på ein del område. Du som les dette spør gjerne: «Kva konsekvensar får dette å seie for meg?» Før ein går heilt ned på individnivå må ein seie noko om den nye organisasjonen.

No har Fusa sokneråd ansvar for kyrkjer og gravplassar, og overordna ansvar for alle tilsette på kyrkjekontoret, kyrkjetenar og dagleg leiar ved frivilligsentralen. Det same er situasjonen i Os. Når vi no slår oss saman vil framleis Fusa sokneråd bestå, men med endra arbeidsoppgåver. Soknerådet vil ha sitt arbeid konsentrert om kyrkjelydsbyggjande arbeid som t.d. gudstenester, trusopplæring (barne- og ungdomsarbeid), undervisning, diakoni både lokalt og internasjonalt, misjon og kyrkjeblad! Men i ein kommune med fleire sokn er ein pålagt å ha eit kyrkjeleg fellesråd. Det nye organet som heiter Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd vil få det ansvaret som sokneråda før hadde på områda bygg og anlegg, og personalansvar.

Fusa kyrkjekontor vil også bestå, men ein får noko redusert bemanning som gjer at kontoret truleg vil bli noko meir stengd enn før. Nokre tenester vil bli overført til Os kyrkjekontor, men i ganske liten grad

vil det bli merka for brukarane. Slik vi ser det no så vil spørsmål/bestilling om dåp, konfirmasjon og vigsel framleis skje lokalt, og det same gjeld når ein melder dødsfall. Det vil truleg bli eit telefonnummer til begge kyrkjekontora, og så kan du velje om du vil ha kontakt med Fusa eller Os. Er Fusa-kontoret t.d. ubetjent, er målet at ein automatisk blir sett over til Os. Ein del meir automatisering når det gjeld spørsmål om dåp og vigsel vil kunne kome, men vi er oppteken i Fusa at vi skal vere til stades blant folket! Vi er oppteken av at innbyggjarane framleis skal få høve til å snakke med eit medmenneske når det er trong for det, og at vi er eit offentleg kontor når det er meire formelle ting/spørsmål henvendelsen dreier seg om! Der er også vedteke nokre vesentlege endringar i gravplassvedtektene som er i tråd med den praksisen ein har hatt i Os kommune i fleire år. Vi kjem tilbake til meir informasjon i neste nummer av kyrkjebladet om endringar som følgje av kommunesamanslåinga.

I denne omgang ønskjer eg å ynskje alle ei riktig god adventstid – og etter kvart ei riktig god jul!

*Harald Geir Sæther
assisterande kyrkjeverje*